

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 31.08.2022

Vår ref.: 202200479-3 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om nettilknytning av North Sea Energy park

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke konsesjonssøknad frå Rogaland Industrinett for ein ny 132/22 kV transformatorstasjon ved Hetlandskogen, og ein ny 132 kV luftleidning mellom Bjerkreim og Hetlandsskogen i Bjerkreim kommune i Rogaland.

Høyringsfristen er sett til 10. februar 2023.

Rogaland industrinett grunngjev søknaden med etableringa av industriområdet North Sea Energy Park, og eit behov for straum til forbruk i kraftkrevjande industri.

Rogaland Industrinett søker om å bygge ein luftleidning beståenda av to parallelle 132 kV enkeltkurs masterekkjer frå Bjerkreim transformatorstasjon til nye Hetlandskogen transformatorstasjon. Luftleidningen vil ha ein lengde på om lag 5,6 km, og skal binde saman Bjerkreim transformatorstasjon med ein ny 132/22 kV transformatorstasjon på Hetlandskogen.

Nye Hetlandsskogen transformatorstasjon skal etablerast på industriområdet North Sea Energy Park, og vil ha eit totalt opparbeida areal på om lag 4500 m².

Rogaland Industrinett søker om konsesjon i medhald av energilova.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE sine internettsider www.nve.no/8690/A.

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på ein av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegner, som de finn på våre internettsider
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202200479 i emnefeltet, og skriv namn og/eller organisasjonsnummer i innleiinga) via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Fråsegner må sendast til NVE **innan 10. februar 2023**.



Med helsing

Lisa Vedeld Hammer
seksjonssjef

Jonas Mathisen
førstekonsulent

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

Mottakarliste:

North Sea Energy Park AS
ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTAREN I ROGALAND
Bjerkreim kommune
STATNETT SF
Stavanger Turistforening Hovedkontor
Forsvarsbygg
Naturvernforbundet i Rogaland
LNETT AS
Norsk Ornitologisk Forening
Luftfartstilsynet
Avinor AS
Telenor Kabelnett
Forum for natur og friluftsliv Rogaland
ROGALAND NATUR OG UNGDOM
Fortidsminneforeningen Rogaland fylkesavdeling
Dalane turlag
TeliaSonera Norge AS
Grunneigarar/rettshavarar
ENIDA AS
Dalane Friluftsråd
MOTVIND NORGE

Kopimottakarliste:

ROGALAND INDUSTRINETT AS
ROGALAND INDUSTRINETT AS - Vidar Nodland